



**LYNGMO GLYTTE**



**STATUS NYBYGG**

- sjå side 3!!

**TID FOR HAUSTLEIRAR**

- sjå baksida for informasjon!!



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND



**NM hotels**  
Norske Misjonshotell og Gjestehus

# Helsing frå Lyngmo

I løpet av ei arbeidsveke på Lyngmo kjem me i kontakt med mange menneske. Gjennom nokre travle sommarmånader har me hatt innom norske og utanlandske turistar, barn, familiar og eldre som har vore med på eitt av arrangementa våre, sjåførar som er innom med varer og familiar som har arrangert fødselsdagsselskap. Ønsket vårt er at alle desse personane som er innom dørene på Lyngmo skal verta sett og kjenna seg velkomne! Dette er ei utfordrande oppgåve å ta på seg, men me som jobbar her har eit ønske om å klare dette.

eit felles eigarskap til leirstaden vår, uavhengig av organisasjonstilhørighet.

Som styrar på Lyngmo får eg stadig tilbakemeldingar på at Sogningane er glad i leirplassen. Me opplever at mange av brukarane har



*Ein flott sommarmorgon i juli - Campinggjestene får ein fin start på dagen*

# Status nybygg ⇒ Lyngmo i ny drakt

## Status

Fram til i sommar har styret fokusert på å jobba med overordna skisser og romløyningar for det nye bygget. Då teikningane med romløyningar og fasade vart førebels godkjent i styremøtet rett før sommaren gjekk arbeidet inn i ei ny fase; no er det meir detaljar som skal på plass. Det er ein viktig, men komplisert prosess og det er mange hensyn me må ta for å følgja dei retningslinjene og krava som er til denne type bygg.

I løpet av sommaren har me så vidt kome i gang med fylgjande:

- Teke kontakt med Luster Kommune for å avklare ein del spørsmål og krav stilt til dei tekniske løysingane i eit slikt bygg.
- Teke kontakt med fagfolk som kan hjelpe med tekniske spørsmål som må avklarast før me kan lage konstruksjons-teikningar. (Vatn, elektrisk, brann.. etc)
- Jobba vidare med gåveaksjonen
- Byrja å sjå på støtteordningar



Illustrasjonsbilde (shutterstock.com)

## Vegen vidare

I løpet av hausten håpar me at


- Endelege konstruksjonsteikningar ligg føre og at me dermed kan få eit tydele-

gare bilete av korleis kostnadsnivået vert.

- Me nærmar oss målsetjingane i gåveaksjonen.
- Jobben med anbodspapira er i gang, slik at me kan innhenta endelege prisar på bygget rett over nyttår.

## Gåveaksjonen

Det har vore spanande å følgje med på starten av gåveaksjonen for det nye bygget. Ein vert audmjuk og svært takknemleg når me ser oppslutninga som har vore så langt. På siste rapport var det kome inn lovnader om over 1 million kroner via gåveaksjonen!!! Blant anna har me fått inn fleire enkeltgåver på 50.000,-, fleire har inngått avtale om rentefrie lån og nokre har kome i gang med fast gjevarteneste! Og ennå er det mange igjen å spørje for gåvekomiteen. Ta godt i mot komiteen dersom dei kontaktar deg! Utfordringa vert gitt til kvar og ein om å støtte opp om prosjektet dersom ein har moglegheit.



# Loppemarknad

Årets loppemarknad går av stabelen 26. - 27. september. Me har fått inn mange lopper, og er sikre på at mange skattar ligg på lur. Når dørene opnar fredagen klokka 17.30 håpar me på lang kø utanfor. Då gjeld det å komme seg raskt inn for å sikre seg dei beste kjøpa! Etter ein god runde med shopping av lopper høyrer det med ein stopp i kafeen for å kjøpe rømmegraut eller hellekaker.

Dette er eit arrangement kor mange frivillige hjelper til (opp mot 100 personar

er i sving i løpet av veka). Me treng hjelp til alt frå å sette på plass lopper, til sal og rydding. Skulle du tenkje deg å bidra så er det lov å ta kontakt! =>



# Sommarvikarar



Også dette året har me hatt sommarvikarar på Lyngmo. Ungdommane utgjør ein svært viktig del av staben i løpet av ein sommar med mange arrangement. Som sommarvikar vert ein fort Lyngmo sitt ansikt utad, og er ofte den første gjestene helsar på når dei kjem til Lyngmo. Trass i at sommarvikarane har travle dagar, får me mange flotte tilbakemeldingar frå gjestene våre på at dei er smilande, blide og gjer ein god jobb!!

Me er veldig takksame for jobben de har gjort! Tusen takk!!

**Bilete er teke frå ei sosial samling for sommarvikarane. Frå venstre: Maria Garstad, Audun Moseng (Bak), Maria Buene og Beate Alme. Ikkje med på bilete: Rut Marie Torstad**



# Leirtravarar

**Frå:** Leikanger

**Alder:** 12 år begge to

**Kva er kjekt på leir?** Kano, bading, væra med leiarane, treffe att gamle leirvenner og få nye.

**Kvifor kjem de på leir?** Fordi det er kjempekjekt.

**Kva sit de att med?** Jesus er glad i alle, uansett kven og korleis me er.



**Namn:** Therese Foss og Andrèa Langeteig

**Takk for intervjuet! :)**

---

## Kva er leir på Lyngmo?

Det er mange ulike assosiasjonar til kva leir på Lyngmo er. Den enkelte har sine opplevingar og minner frå leirplassen vår.

Hovudgrunnen til at det vart starta leirarbeid på Lyngmo i 1965 var at dei ønska at born og unge skulle få høyre om Jesus. Lyngmo skal vera ein møteplass der deltakarane får muligheit til å utvikle si eiga tru og verta meir kjend med Jesus. Borna skal bli møtt av eit ope og inkluderande miljø i trygge og rusfrie rammer, der me ønskjer å sjå kvar enkelt. Me forventar at deltakarane er med på samlingane, men kvar enkelt bestemmer sjølv om dei ønskjer å ta aktivt

del eller ikkje. Den enkelte si tru er ikkje eit krav for å væra med på leirane våre! Me har eit mål om at leirarbeidet skal vera prega av gode opplevsar og trygge omgivelisar.

### **Me ynskjer å:**

- Sjå og møte den enkelte deltakar
- Servere god mat
- Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte.

### **Trygge rammer:**

Leiarane på Lyngmo må leggje fram politisk attest.

# Dette skjer på Lyngmo:

## September 2014

4. Knøttekor og torsdagsklubb
11. Småbarnstreff
- 12.-14. Leir for 2. - 4. klasse
18. Knøttekor og torsdagsklubb
- 19.-21. Internatmøte for kvinner
25. Småbarnstreff
- 26.-27. Loppemarknad

## Oktober 2014

2. Knøttekor og torsdagsklubb
- 3.-6. Leir for 4. - 7. klasse
- 9.-12. Leir for 7. - 10. klasse
16. Knøttekor og torsdagsklubb
23. Småbarnstreff
30. Knøttekor og torsdagsklubb
31. Haustbasar

## November 2014

6. Småbarnstreff
- 7.-9. 16:30 leir
13. Knøttekor og torsdagsklubb
19. Damekveld
20. Småbarnstreff
- 21.-23. Barnas songleir (2. - 7. klasse)
27. Knøttekor og torsdagsklubb
29. Juleverkstad

## Desember 2014

4. Småbarnstreff (siste før jul)
5. Julemiddag for alle
20. Julemiddag for ungdom
- 31.-1. Nyttårsleir

### Lyngmo er 50 år til neste år.

50 - års jubileumet til Lyngmo vert feira laurdag 13. og søndag 14. juni 2015. Leirplassen vår fortener ei skikkeleg feiring og styret lagar til fest for heile familien. Set av denne helga rett før neste sommar!

### Loppemarknad

Set av 26. - 27. september!!

Me tek i mot lopper til loppemarknaden heile året. Ta kontakt for levering på

- Tlf 57 68 43 66
- E-post: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)

### Haustbasar

Fredag 31. oktober klokka 19.00.

Alle er velkomne til haustbasar på Lyngmo. Mange flotte gevinstar, andakt, eiga barnesamling og god mat!

### Internatmøte for kvinner

Dette er eit tradisjonsrikt arrangement for alle damer. Her er fokus på bibelundervisning, glimt frå misjonsarbeidet og sjølvsgagt tid til mykje sosialt og god mat. Ta kontakt med Marit Bøen for informasjon og påmelding: 915 38 565 / [ma-boeen@online.no](mailto:ma-boeen@online.no)

### Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart gitt i samband med gravferda til Margit Fimreite.

# Dugnadspersonen - Fredrik



Me er heldige på Lyngmo som har så mange gode hjelparar! Ein av dei er Fredrik Svendsen som stilte på dugnad i sommar og hjalp til med plenslåttan.

**Når fekk du eit forhold til Lyngmo?** Allereie frå eg var liten vart eg teken med på familie- og sangleirar. I tillegg har eg vore med på det eg kunne av barneleirar heile barneskulen.

**I dag er det plenklypping som står på programmet. Kva dugnadsarbeid likar du best?** Gardsdrift framme hjå Per Hilleren (styreleiar på Lyngmo) hehe. Ellers trivst eg godt når eg får slå ein plen.

**Kvifor vel du å bruke tid her på Lyngmo?**

Lyngmo er ein leirplass som eg har høyrst til i mange år, og er blitt for meg ein stad som eg føler meg heima. Soleis tykkjer eg det er fint å kunne gi noko tilbake i form av dugnadsarbeid.

---

## Dugnad på Lyngmo

I løpet av eitt år vert det utført dugnadsarbeid på Lyngmo som tilsvarar mellom 4 og 5 års-

verk. Dugnadstenestene er blant anna leirleiarar, vaktmesterarbeid, på kjøkkenet, vasking, boning, styrearbeid osv. Ta kontakt med Kjetil eller andre på Lyngmo om du vil hjelpa til!



Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø

Telefon: 57684366  
E-post: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)  
Heimeside: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)  
Gåvekonto: 3720.07.68427

# HAUSTLEIRAR 2014

2. - 4. klasse 12.-14. september

4. - 7. klasse 3.- 6. oktober

7. - 10. klasse 9.- 12. oktober

Bornas songleir (2.- 7. klasse) 21.- 23. november

Det vert gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2

For påmelding og informasjon:

Mail: [bu@lyngmoinfo.com](mailto:bu@lyngmoinfo.com)

Tlf: 57 68 43 66

[www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)

